

Hayangel

FØRDE



RAUD VALALLIANSE

4 år

i

KOMMUNESTYRET

4/5-85

RV plaga av køllestøy:

Førde-ordføraren fekk slagdempar

«Den kalde krigen» mellom ordførar Sverre Øygard og ytterste venstre fløy i Førde kommunestyre gjekk på møtet torsdag eit hakk vidare frå harde munnlege samanstøyt og banking med klubba. RV-representanten Tom Farsund demonstrerte misnøya si over møteleiinga med å overrekke ordføraren ei «gåve». «Gåva» var ein filthit som skulle redusere støyen frå ordførarklubba.

Kommunestyret har vore plaga av køllestøy i tide og utide, sa Farsund då han fekk ordet til ei sak som var føre. — Eg vurderte andre måtar å reagere på, men ved å overrekke denne gåva, vonar eg på ei minneleg ordning, slik at vi ikkje blir så plaga av støy i framtida.

Smakar dårleg

Farsund gjekk fram til ordførarbordet med filthiten, men Øygard oversåg helle demonstrasjonen ved å spørje om Farsund var tenkt å seie noko i saka han hadde bede om ordet til. Ved møtets slutt greip Arbeidarpartiet sin gruppeførar Jan Edv, Strandenes ordet.

Det har vore debatt om ordføraren si møteleiing, og den kan vi gjerne diskutere. Ein kan og ha sympati for dei som har vore utsett for klubba.

Men denne demonstrasjonen i dag frå Farsund si side, med på ein hånleg måte å legge fram ein «slagdempar» for ordføraren, er å vise ring respekt for kommune-



Tom Farsund (RV) la fra ein filthit for å dempe støyen frå ordførarklubba. Ordførar Sverre Øygard ser ut til å vere «passeleg glad» for demonstrasjonen. I bakgrunnen formannskapssekretær Gudrun Farnes.

styret. Det smakar dårleg å vere vitne til noko slikt, sa Strandenes.

Demonstrasjon

Farsund gjorde det klart at det heile var meint som ein liten demonstrasjon. — Ein annan måte

kunne vore å teke ordføraren si møteleiing, som er ei alvorleg sak, opp med Fylkesmannen. Eg meiner alle innlegga i kommunestyret har halde seg innanfor yttringsfridomen. Spesielt på det førre møtet meiner eg og mange andre at ordføraren si klubbing

var grovt usakleg.

Vi tykkjer det er tåpeleg å prøve å innskrenke yttringsretten, at ordføraren bankar med klubba når det er noko han er usamd i, sa Farsund.

Ordførar Øygard sa seg lei for RV-representanten sine uttrykk.

Dette oppslaget er det mange huksar best frå perioden RV har vore i kommunestyret. Det var ein demonstrasjon mange satte pris på mot ein ordførar som etter mange si meining er ganske eigenrådig. I saka om helikopterbasen på Øyrane har dette blitt svært så tydeleg både for mange innbyggjarar, og fleire parti. RV meiner og at ordføraren sine reaksjonar mot RV med kølla både var litt hysteriske og unødvendige.

FØRDE:

Øygard fekk klubbefilt

«Den kalde krigen» mellom ordfører Sverre Øygard og ytterste venstre fløy i Førde kommunestyre gjekk på møtet torsdag eit hakk vidare frå harde munnlege samanstyrt og banking med klubba. RV-representanten Tom Farsund demonstrerte misnøya si over møteleiinga med å overrekke ordføreren ei «gåve». «Gåva» var ein filtbit som skulle redusere støyen frå ordførarklubba.

Kommunestyret har vore plaga av køllestøy i tide og utide, sa Farsund då han fekk ordet til ei sak som var føre. — Eg vurderte andre måtar å reagere på, men ved å overrekke denne gåva, vonar eg på ei minneleg ordning, slik at vi ikkje blir så plaga av støy i framtida.

Side 13

Debatt på spørsmål i Førde kommunestyre?

Eit stadig tilbakevendande spørsmål i Førde kommunestyre gjeld nettopp spørsmål. Og spørsmålet er: Skal det opnast for debatt etter spørsmål til ordføreren?

— Ja, meiner RV-representanten Tom Farsund og viser til reglementet for Førde kommunestyre der det er ein paragraf om «førespurnader (interpellasjonar)».

— Framlegg som nokon kjem med i samband med ein slik førespurnad, kan ikkje avgjerast i møtet, dersom møtestyraren eller 1/4 av møteleden er imot å take avgjerd, heiter det.

Og i ein fotnote til dette er det sagt: — Vil kommunestyret setje strengare reglar om ordskifte etter førespurnader, bør det og ha strengare reglar om høvet til å avgjere framlegg som vert gjort i samband med førespurnaden.

Og det er gitt døme på ein regel som kan setjast: — Vert det ordskifte, skal i regelen ikkje nokon talar ha ordet meir enn ein gong, så nær som ordføreren, rådmannen/kontorsjefen, han som kom med førespurnaden, formannen i det utvalet som saka gjeld, og førar for gruppe eller parti i kommunestyret.

Ordfører Sverre Øygard meiner det ikkje kan opnast for

debatt, i alle høve ikkje dersom representantane kallar det for spørsmål, slik tilfellet var på siste kommunestyremøtet.

Han viser i den samanheng til handbok for ordførarar der det er skilt mellom spørsmål, førespurnad og interpellasjonar. Etter interpellasjon kan det til ein viss grad bli debatt.

Spørsmålet blir då kva representantane kallar «spørsmål». Dei «lure» vil sjølvsagt skrive at det er ein interpellasjon. Og dermed er vel alt greitt?

— Nei, dette må vi få avklaring på, vart det sagt av fleire etter siste kommunestyremøtet. Og spørsmålet vert venteleg teken opp som ei sak

Dei stadige spørsmåla frå RV, og den stadige debatten mellom oss og ordføreren om det skulle vere høve til debatt på føre spurnadar førte etter ei tid til at fleirtalet i kommunestyret vedtok det som etter deira meining skulle vere ei innskjerping og ei klargjering av reglementet. RV sitt syn er at fleire representantar burde nytte retten til å ta opp aktuelle saker i form av førespurnader, og at det burde takast debatt på desse sakene. Dette ville gjere kommunestyret meir levande og aktuelt. At det ikkje skal gjerast forhasta vedtak, eller vedtak i saker som ikkje alle har fått høve til å forebu seg på er RV sjølvsagt



Tom Farsund demonstrerte

Hån mot ordførar Øygard

«Kampen» mellom ordfører Sverre Øygard og RV-representanten Tom Farsund heldt fram også på torsdagens kommunestyremøte. Ordførarklubba vart ikkje brukt ein einaste gong, men Farsund sa takk for alt ved å overrekke ordføreren ein «gåve».

— Vi har vore plaga ein del med køllestøy i kommunestyret. Det har vore banka både i tide og utide. For å redusere støyen frå kølla, vil eg med dette overrekke deg eit stykke filt, sa Farsund i det han gjekk fram til ordføreren midt under eit innlegg om barnehageopptak.

Ordføreren takka ikkje for gåva, men bad Farsund halde fram i barnehage-debatten.

Under eit seinare innlegg om barnehage-prisane, oppmoda Farsund ordføreren om å ta fram filten sin.

Farsund sa at kommuneleiinga misbrukt makt, når dei heldt tilbake opplysningar frå formannskapsmøte som det ikkje skulle vere trong for å halde skjult. Men ordføreren let vere å klubbe.

Heilt på tampen av kommunestyremøtet tok Jan Edvard Strandenes sterkt avstand frå Farsund sin demonstrasjon, som han oppfatta som hån mot ordføreren og dårleg respekt for kommunestyret.

— Ordføreren si møtestyring kan diskuteras. Ein kan ha sympati med den som vert klubba ned. Men det smaka dårleg å vere vitne til denne demonstrasjonen i dag, sa han.

Farsund innrømte at filten var meint som ein demonstrasjon. Alternativt kunne han ha kaga inn til fylkesmannen.

— Eg meiner at innlegg mine i kommunestyret kan bli vore innanfor ytringsfri dommen. Eg veit fleire som meiner klubbinga på siste møte var grovt usakleg. Eg tykkjer det er låpeleg når ordføreren skal klubbe i saker han er usamd i, sa Farsund.



Ordfører Sverre Øygard brukar ofte klubba mot dei mørke- rauda i kommunestyret.

Øygard ser raudt

Det har blitt ein skald krig mellom ordfører Sverre Øygard og dei raudaste på venstrefløyen i Førde kommunestyre. Ordføreren har vanskeleg for å skjule irritasjonen over dei debattlystne «plageandene» som stadig er fram på med spørsmål og interpellasjonar. — og framlegg som berre får framleggstillarane sine egne ryster. Det går knapt eit einaste møte utan at Øygard har svinga med klubba.

Men RV-representanten Tom Farsund og SV-arane Atle Kirkebo og Turid Nistad lar seg ikkje utan vidare klubbe ned. Dei er svært på vakt overfor ordføreren, for at han ikkje skal nytte formalitetar for å hindre dei i å drive politikk.

Demokratiske rettar.

Dei andre kommunestyre-representantane

Vi har og reagert på at toppane i kommunen får svært bra løner etterkvart. Mange argumenterer med at å vere ordførar er ein hard jobb. Det er det heilt sikkert. Likevel er det eit tillitsverv utan krav til spesiell dyr utdanning. Og kor mange andre i dette landet er det ikkje som brukar all si fritid i tillegg til jobben på politisk arbeid, idretts og ungdomsarbeid, fagforeiningsarbeid, for ikkje å snakke om ulønna omsorgsarbeid. Folk reagerer, og bør reagere med raseri, mot politikarar og næringslivsfolk som trur dei er så forbanna mykje meir verdt enn vanlege slitarar. Som snakkar om moderasjon og hestekurar medan dei feitar opp seg sjølv. Som manar til slakt av heilage kyr (les velferdsgoder), som renn over av velvilje for "alle slag gode formål", men som diverre ikkje i den noverande økonomiske..... Medan dei sjølv er med og byggjer opp eit samfunn der einskilde private sektorar renn over av rikdom, der kapitalen går ut av landet til oppbygging av verksemdar ute, eller som valuta reserverar i amerikanske bankar, av ein storleik andre land berre kan drøyme om. Vi tar difor med nokre fleire av RV sine stand punkt:

Fredag 13. januar 1984 -

«Pampeløn» til Øygard?

Det stod strid også om storleiken på ordførarløna i Førde, på siste kommunestyremøte. Tom Farsund brukte uttrykket «pampeløn» om ei årsinntekt på 200.000 kr. Det fekk ordførar Sverre Øygard til å smelte med klubba, samstundes som han gjorde det klart at slike uttrykk ikkje skal brukast i kommunestyret.

Farsund gjekk inn for at ordføraren vart lønna etter gjennomsnittleg industriarbeidarløn. For ei halv stilling ville det bli 87.500 kr. Håkon Fimland oppfatta det som ei nedvurdering av den fremste folkevalde, at det kom framlegg om industriarbeidarløn. Det var vel helst ein frase overfor pressa. Farsund avviste at det var mindreverdige å bli lønna som ein industriarbeidar, og at han kom med utspelet berre for pressa si skuld. For RV var det eit prinsipp at tillitsvalde vart lønna på industriarbeidarnivå.

Genialt utspel frå RV vraka

Eit genialt løn- og pensjonsutspel frå Raud Valallianse i Førde kunne, om det hadde vorte vedteke i kommunestyret, gitt dei kommunalt tilsette betre økonomiske vilkår på sine eldre dagar, utan særleg kostnad for kommunen.

Men som så mangt anna som kjem frå den kanten, fekk framlegget ein ublid skjebne. Ikkje ein gong «dei nærmaste» i kommunestyret fann å kunne støtte opp om RV-utspelet som vart vraka mot ei røyst.

Det var i samband med ei sak om å oppjustere lønsplasseringa til den no avgådde sosialsjefen, at det geniale framlegget kom. Sosialsjefen gjekk av for aldersgrensa 1. juni i fjor. Kommunekasseraren og kultursjefen fekk i haust justert opp si lønsplassering med eitt steg til lønklasse 27 med verknad frå 1. mai.

Ingen tenkte då på at sosialsjefen også burde ha ei tilsvarende justering, sjølv om han hadde slutta.

Det hadde han vel heller ikkje gjort sjølv, dersom det berre var snakk om litt høgare løn i ein måned. Men reglane seier at pensjonen vert rekna ut med utgangspunkt i den løn dei tilsette har når dei går over i pensjonistane sine rekkjer.

Eg kan gå inn for at sekshaden vert innvilga, men då må dette gjelde alle tilsette i kommunen, sa RV-representant Gjertrud Storevik. Ho gjorde framlegg om at kommunen skulle innføre som prinsipp at alle fekk auke si løn med eitt lønstrinn ein måned før dei går av med pensjon.

Dette ville få minimale økonomiske konsekvensar for kommunen, men dei tilsette ville merke det godt på pensjonen. Var det ingen andre som oppfatta poenget? Jau, det var det nok etter reaksjonane i salen å danne, men ingen våga å støtte det geniale framlegget.

Ordføraren har no ei løn på ca. 250 000.

Den gamle pensjonsordninga er skifta ut med ei ny. Same som Stortingsrepr. har.

INNLEIING.

Meir enn ei oppsummering, er dette eit streif igjennom det som Førde RV har jobba med i perioden.

Og ikkje minst er det ein argumentasjon og polemikk for kvifor det er viktig at RV fortsatt vert representert, helst med to representantar. Om vi skal bli gjenvalgt er avhengig av at mange snakkar med nokre om at det er viktig å stemme på RV. Mange av dei som stemte RV sist er flytta frå kommunen. Vi treng mange nye stemmer. Ta deg tida og les, og verv nokre stemmer du og.

Det viktigaste politiske arbeidet, det som gjev resultat, skjer fortsatt utafor dei kommunale organ.

Fagforeiningane må kjempe sjøl for arbeidsplassane
Barnehageaksjonar gjev resultat.

For å få løyst vegsaker, må folk sjøl stå på.

Utan slike aksjonar er gode saker ofte ikkje mykje verdt sjøl med skikkelege RV representantar i kommunestyret. Likevel er det viktig for slike saker å ha RV representantar som tar opp sakene, spør og grev, brukar kommunestyret til å fokusere på sakene.

Stoda i kommunen var i valkampen i 1983 var sterkt prega av tre saker:

- Kampen for arbeidsplassane ved Ankerløkken
- Svært dårleg kommuneøkonomi
- Ingen barnehageutbygging sidan 1979.

KOMMUNEØKONOMI.

Korleis har det gått, t.d med kommuneøkonomien, sidan Øygard proklamerte sin hestekur på denne måten:

Borgarleg samling om Sverre Øygard:

Ny ordførar lovar hestekur i Førde



Den nye leiar-duoen i Førde kommune, Sverre Øygard (Sp) med ordførarklubba og Asbjørn Steen (H) ved hans side.

Manglar vyer
Ton Farund (RV) meiner økonomien i Førde kommune ikkje var så dårleg. Det luss å ha hadde vart et det gjevt å høyre med underlåt.
Investeringsar på ca. 15 mill. kroner på tre år var ikkje nokke se Farund som vart til et Sunnø eit år.
- Kva er det egentleg vi vyer for utviklinga av Farund som ikkje ville strukne inn med venter. Å presentere et slik budjet for sentrale styringsmakter hadde ein bra situasjon om et ein gjorde framlegg om et bygging av grunnskular på Vå og Haugan og barnehageutbygging som ville gje nul demur innan 1990.

Sverre Øygard frå Senterpartiet vart som venta vald til ny ordførar i Førde, under konstitueringa av det nye kommunestyret tysdag kveld.

Asbjørn Steen frå Høgre vart vald til ny varaordførar, begge fekk støtte frå 21 av dei 35 kommunestyrrerrepresentantane.

Den sitjande ordføraren, Lars Gunnar Lie frå Kristeleg Folkeparti, går ved nyårsskiftet ut av lokalpolitikken.

Varaordførar Martha Seljeseth frå Arbeidarpartiet stilte til avval, men fekk berre 13 røyster. Opposisjonen sin ordførarkan-

didat, Jan Edvard Strandenes, fekk 10 røyster.

Den nye Førde-ordføraren arbeider ved Jordskifteverket og er ein veteran i kommunestyret med heile 16 års læretid. Han vart stilt som kandidat også ved dei to føregåande ordførar-vala, utan å nå fram.

I ein kommentar etter valet varsla han ein stram økonomisk politikk, for å få «verksemda Førde» i balanse:

- Vi har føre oss ein beinhard hestekur, som vil ta knekken på mange lekke politiske kjepphestar, sa han til dei nyvalde kommunestyret.

Sjå side 6.

Det kunne vere freistande å svare at slik er resultatet:

FIRDA

Vonbroten Førde-rådmann:

Budsjettet for 1987

- Det svakaste budsjettet i mi tid som rådmann

Og sjølv om kommuneøkonomien er blitt noko betre er det framleis slik at kommunen ikkje tek seg av dei oppgavene som er heilt påtrengjande: Barnehagar, skuleutbygging, vegbygging, ungdomsarbeid, eldreomsorg.

RV har heile tida hevda følgjande:

-Det er feilaktig å prøve å rette opp kommunen sin økonomi ved å stanse alle nyinvesteringar, skjære uforsvarleg ned på driftsbudsjetta, og ikkje minst ved å auke skattleggjinga av kommunen sine innbyggjarar.

OG KVIFOR HAR RV DET:

-Fordi, når kommunen sin økonomi er "ordna" innanfor desse nye rammene vil staten sjå det som det beste høvet til å stramme inn meir

-Nasjonen flaumar over av rikdom. Spørsmålet om vi skal bygge bustadar og barnehagar, eller bankbygg er eit svært godt spørsmål. Følgjande klipp frå statistisk årbok skulle vise litt av det. Statistikken viser:

År	tal bustad- einingar bygg	bygg til varehandel bank, finans, forsikring i kvadratmeter (1000m ²)	bygg til helse og veterinær vesen i kv.m. (1000m ²)
1970	39 984	418	143
1971	44 362	354	156
1972	43 079	538	143
1973	42 873	356	365
1974	43 558	467	229
1975	43 248	445	356
1976	40 121	467	179
1977	39 774	542	164
1978	37 962	461	231
1979	39 063	455	164
1980	35 899	540	133
1981	36 068	526	156
1982	36 996	620	128
1983	31 507	634	111
1984	26 281	725	119
1985	26 893	911	117

Frå 1975 til 1985 er altså bygging av bustadar i antal einingar halvert. Medan bygg til varehandel mm. er over fordobla.

At dette ikkje berre er tørr statistikk, men røynd, ser vi godt i Førde. Bergen Bank (20 mill), Sunfjord Hotell (32 mill) Handelshuset (60 ? mill. til kjøp og ombygging), Hjelmelandsgården Elvegårdsen osv. Berre kostnadsoverskridinga på Sunfjord Hotell er større enn den ENORME summen på 10 millionar det ifølge Ordførar Sverre Øygard ville koste å skaffe full barnehage dekning i Førde Kommune.

Ein av måtane å kjempe for at ein større del av rikdommane, resursane, skal gå via kommunane til fellesgoder (for det meste heilt elementere behov) er:

AT KOMMUNANE VEDTEK Å SETTE IGANG NAUDSYNTE TILTAK OG BRUKAR DEI PENGANE DEI MÅ. OM NAUDSYNT VED Å OPERERE MED UNDERSKOT.

Dette gjev i neste omgang høve til å slåss med staten om korleis rekninga skal gjerast opp. Dette er heller ikkje nokon sensasjonell metode. Den er brukt i mange kommunar, også i Førde. Metoden vart brukt i Førde i dei verste åra. Då ville konsekvensane truleg blitt større enn mange lokale politikarar turde eller ville bære. Desse åra vart budsjetta i realiteten sette opp med underskot.

Kommunale avgifter er ei form for ekstraskatt som er svært usosial. Den råkar alle likt uansett inntekt. RV er det partiet i Førde som konsekvent har stemt imot auka kommunale avgifter av denne årsak. SV har stemt imot nokre avgiftsauker. Høgre har stort sett stemt for alle avgiftsauker (med unntak av eigedomsskatten), bortsett frå siste hoppet i renovasjonsavgifta. Dette må truleg skuldast at dei i vår har arbeidd med nytt kommunevalprogram, og i samband med det, snubla over det gamle der det m.a står:

- ▷ "Som følgje av tidlegare vedtak i kommunestyre vil innbyggjarane og næringslivet få stor auke i renovasjonsavgifta for 1984. Høgre ser med stor uro på denne avgiftsauken, og meiner at det etterkvart må vere liten plass til ytterlegare skattlegging i form av nye skattar og avgifter. Høgre går imot innføring av eigedomsskatt. Denne skatten er ei sterk ekstra avgift på alle verksemder i kommunen og på bustadhus over ein viss alder i tettstaden Førde. Om kommunen har ein vanskeleg økonomi, vil ikkje høgre vere med på å påleggje nye avgifter som kan føre til ein enda vanskelegare økonomisk situasjon for næringslivet og lønstakarane i kommunen"

SOM TIDLEGARE NEVNT:

HØGRE HAR I PERIODEN STEMTE FOR ALLE AVGIFTSAUKINGAR MED TO UNNATAK: EIGEDOMSSKATTEN OG SISTE PÅLEGGET PÅ BOSSAVGIFTA.

Her er utdrag frå RV sitt inlegg i debatten om 1986 budsjettet:

- ▷ "La meg leike litt med tal:

Førde Kommune skal i 1986 spare 5 mill (Dette tyder: gå med 5 millionar kroner i overskot for å dekke inn underskot frå tidlegare år) Førde Kommune skal i 1986 skattleggje sine innbyggjarar med 5 mill kroner meir enn i 1983. For det er auken i avgifter til vatn, kloakk, boss, barnehagar og i eigedomsskatten. Dette er ein auka skattlegging pr innbyggjar i Førde Kommune på 700 kroner på 3 år. (Ein familie på 4 = 2 800 kr.) Av dette har RV vore med på å innføre eigedomsskatten, for den har næringslivet i Førde råd å betale. Men dersom ein ser vekk frå denne har skatteauken likevel vore på 2,5 milloner kroner. Bossavgifta pr.husstand har auka frå 138 kroner i 1980 til 1170 i 1986.

Samla for boss, vatn og kloakk betalte ein gj.sn hushald i 1980 kr.611, i 1986 :2236.

Eg kjem difor også i år til å stemme imot den føreslegne auken på alle avgifter, bortsett frå eigedomsskatten.

Eg har lyst å leggje til at det burde vere ei oppgave for folk som har tid til det, å lage ein oversikt over auken i eigenandelar, avgifter osv i statleg og kommunal verksemd og samanlikne den med skattelettene på ei vanleg inntekt. Eg er overtydd om at vi kjem ut i minus.

Poenget med skatteletter er at dei berre kjem rikfolk til gode. Poenget med dei kommunale avgiftene er at det er like mykje auke for ein minstepensjonist som det er for Fritz Hjelmeland eller Ordførar Sverre Øygard. Ei auke i bossavgifta på 520 kroner frå 1985 til 1986 vil ete opp halve ekstratillegget som minstepensjonistane fekk nyleg"

ANKERLØKKEN VERFT FØRDE AIS
UNDER KONKURS

ANKERLØKKEN VERFT FØRDE AIS
UNDER KONKURS



ANKERLØKKEN

Ankerløkken kom opp på første møte i det nyvalgte kommunestyret 10 januar 1984:

6 — Onsdag 11. januar 1984

Ordførar Øygard meiner skipsbygging er best for Førde:

Alternativ industri på Øyrane kan ikkje gje arbeid til 400 mann

— AVFØ er eit moderne anlegg for skipsbygging. Det er difor innlysende at skipsbygging er det beste alternativet for AVFØ og det etablerte anlegget på Øyrane.

Eg trur ikkje vi kan få alternativ industri på dette SIVA-anlegget som kan skape 400 arbeidsplassar. Vi kan heller ikkje rekne med å få alternative bedrifter som kan nytte dette området og anlegget på ein så rekningssvarande måte som AVFØ.

Det var ordførar Sverre Øygard

som sa dette i sitt svar til RV-representanten Tom Farsund, som på gårdagens kommunestyremøte sette fram ein forespurnad til ordføraren om arbeidsløysa.

Øygard meinte at ein burde ha ovanståande klart for seg den dagen kommunen gjekk ut for å skaffe alternative arbeidsplassar på denne delen av SIVA-anlegget.

— Vi må derfor akte oss vel for å kome med utspel som kan svekke tilliten og konkurranseevna til verftet, og dermed rive beina

under denne hjørnesteinsbedrifta for Førde og for helle regionen, la han til.

Reservert haldning.

Tom Farsund viste i sitt spørsmål til at arbeidsløysa i indre Sunnfjord har sett ny rekord. Den norske regjeringa kan ikkje løyse overproduksjons-krisa. Men framleis vert det bestilt og bygt skip. Problemet er at den norske delen av denne marknaden nesten er halvert fordi regjeringa ikkje er viljug til å gi same støtte til sin industri som andre land gjer.

— RV meiner at det mest realistiske for Ankerløkken Førde fortsatt er å bygge skip. Einaste realistiske måten dette kan skje på, er at dei krav Norsk Jern og Metallarbeidarforbund har stilt vert tekne til følge. Den førre ordføraren i Førde, og ordføraren i Fløra, har langt på veg arbeidd med dei same krava, og har vist vilje til å tale Regjeringa imot, sjølv om dei er medlemmer av regjeringspartia. Frå ordførar Øygard si side har vi heilt sidan valkampen merka ei meir reservert haldning. Spørsmålet er difor om ordføraren meiner at fortsatt skipsbygging er det mest realistiske for AVFØ, og at kommunen må ta del i presset for å få regjeringa til å endre støttevilkåra i tråd med krav frå Norsk Jern og Metall?

Tida er kostbar.

Øygard svara at han hadde lita tru på at ei sidsidig støtte til Jern og Metall eller andre organ vil løy-

se dei lokale vanskan. Situasjonen må analyserast til ei kvart og gjennom eit sakleg og struktivt samarbeid med næringslivet, fylket og staten må ein fram til løysingar som kan s både på kort og lang sikt.

Farsund spurde vidare om ordføraren var samd i at tid kostbar for Førde sin arbeidsplass, og om kva initiativ den nye ordføraren ta overfor regjeringa:

— Det er klart at tida n kostbar. AVFØ kan ikkje leve den noverande situasjon lenge. For kvar dag som går arbeidsoppdrag for AVFØ, bedrifta svekka konkurransevna.

Eg har alt hatt møte med lei i AVFØ, og skal møte kommunilminister Røttedal den 19. januar. Noko meir er det ikkje om dette spørsmålet noverande tidspunkt, svara gard.

Framlegg avvist.

Farsund hadde i tilknytning forespurnaden utarbeidd eit forlegg til fråsegn frå kommunestyret til regjeringa. Fråseg gav uttrykk for beklaging regjeringa sitt avslag til Ankerløkken om støtte før jul, og regjeringa ta stoda innan skipsbygging-industrien opp til ny dering. Konkret vart det bede eit pristilskot på bygging av på 15 prosent og overføring av sidsidordningane frå finansdepartementet og tilbake til industri-

departementet. Ordførar Øygard avviste forlegget, sidan fråsegna ikkje sto sakslista. Han ba Farsund sei framlegget til formannskapet vanleg måte. Farsund viste regelverket ikkje hindre ordren frå å ta fråsegna opp til avstening, men Øygard var ikkje interessert i det.

RV-framlegg avvist av ordførar Øygard:

«La arbeidsløysa bli fast sak på komm.styremøta i Førde»

Ordførar Sverre Øygard avviste i går eit framlegg frå Raud Valallianse om å føre opp arbeidsløysa/sysselsettings-situasjonen som ei fast sak på møtekartet for Førde kommunestyre.

— Eg vil ikkje vere med på å invitere til debatt om desse viktige sakene, der debatten i første rekke er mynta på presse og massemedia, sa Øygard i si grunn-gjeving.

Tom Farsund frå RV sa at hans framlegg vil gi kommunestyret høve til å drøfte sysselsetjings-si-

tuasjonen og alle gode framlegg som måtte kome — utan byråkratisk fommel.

Øygard beklaga uttrykket «byråkratisk fommel» og meinte at Farsund med dette gav uttrykk for manglande kjennskap til administrasjonen sin innsats for næringsliv og arbeidsplassar i kommunen.

— Kommunestyret vil til ein kvar tid kunne drøfte aktuelle og konkrete kommunale saker. Men eg vil ikkje vere med på å invitere til debatt om desse viktige sakene der debatten i første rekke er mynta på presse og massemedia. Sysselsetjings-situasjonen vert difor ikkje sett opp som fast sak på sakslista til kommunestyret, sa Øygard.

— Vi har i dag valt ei kommunal tiltaksnemnd. Mi meining med denne nemnda er at det skal vere eit raskt arbeidande utval

impulsar som skal gi grunn nye tiltak og styrking av den rande arbeidsplassar i kommunen.

Eg vil difor oppmode kommunestyrerepresentantar og ang å kanalisere interessanta på til denne nemnda eller til administrasjonen i Førde kommunen.

Farsund avviste Øygards argumentasjon for å ikkje ta arbeidsløysa opp som fast sak. — Det blir snakka om det i pressa.

— Eg tek ikkje opp denne fordi eg så gjerne vil sjå meg i avisa, men fordi tida ferd med å renne ut for løkken.

Mange av dei som arbeid verftet opplever at dei mang forståing. Eg meiner det er å diskutere framfor pressa vise at vi tek arbeidsløysa

Seinare har RV forfulgt denne saka på mange forskjellige vis.

«Førde-verftet går konkurs»

Ankerløkken Verft i Førde vil truleg gå konkurs i løpet av første halvår i 1984, sa Tom Farsund (RV) i Førde kommunestyre torsdag natt.

Farsund er nestformann i verkstadklubben og medlem av styret for verftet. Han sa at dette også er vurderinga til personar som skulle vere meir kvalifiserte enn han sjelv.

Det skal vere små sjansar til at verftet i Førde blir seilt. Det er først og fremst Florø-verftet det er interesse for å kjøpe. Salsforhandlingane ser ut til å trekke i langdrag.

Styret for Ankerløkken godkjente onsdag rekneskap og årsberetning for Førde-verftet. Driftsresultatet viste eit underskot på 14 mill. kr. Men ved å føre inn avsetningar frå tidlegare år, er det rekneskapsmessige underskotet redusert til 90.000 kr.

Sjå siste side

Skal kommunestyret sitje på gjerdet og vente?

— Førde-verftet truleg konkurs før sommaren

— Det er sannsynleg at Ankerløkken-verftet i Førde går konkurs i løpet av første halvår. Det er også sannsynleg at det ikkje blir funne kjøper til dette verftet, — berre til verftet i Florø. Eg kan ikkje forstå at kommunestyret i ein slik situasjon berre skal sitje på gjerdet og vente!

RV-representant og arbeidarrrepresentant i styret for Ankerløkken Verft i Førde, Tom Farsund, tok på nytt opp situasjonen for kommunens største industriarbeidsplass på siste kommunestyremøte.

Han avviste den vanlege oppfatning mellom dei folkevalde, at det ikkje er rett å kome med nye kommunale utspel før aksjesalet er avklara. Farsund ottast at avklaringa vil kome både fortare og meir brutalt enn dei fleste reknar med....

Tre spørsmål.

Farsund retta ein førespurnad til ordføraren, med bakgrunn i eit tidlegare framlegg til fråsegn frå kommunestyret som ikkje har blitt realitets-handsama.

— Er det mogleg for ein kommunestyre-representant å få ei sak ført opp på sakakartet og realitets-handsama? Er ikkje ord-

føraren interessert i å møte dei tillitsvalde ved verftet og høyre dei sine meiningar? Og er ikkje ordføraren interessert i ein debatt i kommunestyret om kva som kan gjerast i høve framtida for verftet i Førde? spurde han.

Møter klubben.

Ordførar Øygard svara at kommunestyre-representantar til lika med alle andre innbyggjarar i kommunen har høve til å be om at konkrete saker vert tekne opp og handsama i kommunestyret. Det må då vere saker som formelt skal handsamast av kommunestyret. Rådmannen, formannskapet og eventuelt kommunestyret må vurdere sakshandsaminga for kvar einakild sak som vert reist.

Øygard sa at han var interessert i å møte både verkstadklubben og verfts-leiinga og at møte no var avtalt. Det er tiltaksnemnda som skal fylgje opp Ankerløkken-saka. Ordføraren såg ingen grunn til at Ankerløkken skal vere fast sak på kvart kommunestyremøte.

Folkevald idebank?

Farsund var ikkje nøgd med svaret på det første spørsmålet. Han fann det merkeleg at eit konkret framlegg til fråsegn frå

ein representant ikkje kan realitets-handsamast, men berre blir lagt fram som meldingsansk.

— Det er pinleg at det skal vere så vanaleg å få til ein debatt omkring Førde sin største industriarbeidsplass. Eg veit ikkje kva vi kan oppnå. Men det må vere rett at eit samla kommunestyre legg hovuda sine i blaut. Kanakje kommunestyret kan brukast som ein idebank for gode framlegg, sa han.

Farsund meinte at staten sine folk — inkludert regjeringa — må stillast til ansvar for arbeids-plassane på SIVA-anlegget.

Framlegg avvist.

Farsund hadde to framlegg til vedtak han ynskte å få vedtatt i kommunestyret. Det eine var ei støtteklaring til verftet, med krav om betre vilkår for verfts-industrien i Noreg. Det andre var ei fråsegn til regjeringa der staten blir minna om ansvaret sitt. Staten må garantere for 300 produksjons-arbeidsplassar og det må kome til ei ordning med gjeldsanering og redusert leige på SIVA-anlegget.

Ordføraren oppmoda Farsund om å trekke fråsegnna, noko han nektta. Kommunestyret vedtok så mot 3 røyster å avvise saka. Mindretallet var SV og RV.

«Gå stille».

Jan Edvard Strandnes (A) tykte det var greit å få Ankerløkken på saklista til kvart møte. Men ein måtte ikkje skape inntrykk av at berre Farsund var opptatt av å trygge arbeidsplassane der.

— Vi er alle interesserte i Ankerløkken si framtid, sjølv om

Sist Ankerløkken var oppe var i mars 1986:

Laurdag 22. mars 1986 — 5

Førde-ordføraren:

Vil tilrå aktiv støtte til AVFØ

— Spørsmålet om kommunal aksjeteikning må drøftast i tiltaksnemnda i første omgang. Ordføraren vil i alle høve tilrå aktiv støtte og hjelp til Ankerløkken.

— Dette svara ordførar Sverre Øygard på eit grunnleggjande spørsmål frå Tom Farsund (RV) om kommunen sitt engasjement i Ankerløkken Verft i Førde (AVFØ). Det er likevel uvisst kva støtte det kan bli snakk om.

— Førde RV meiner det er vist for liten vilje til handling både frå kommune, lokal verftsleiing og dei nye eigarane når det gjeld å finne meir varige og positive løysingar for AVFØ, og

vi er redd for at dette vil fortsette dei neste fire månadane, framheldt Farsund, som stilte spørsmål om kva tiltaksnemnda har gjort og vil gjere.

— Tiltaksnemnda har hatt møte med AVFØ der vi drøfta aktuelle tiltak for å styrke verftet både på kort og på lengre sikt. Saka har også vore drøfta på formannskapsmøte i dag.

Spørsmålet om eventuell aksjeteikning, kommunal undergaranti m.m. vil bli lagt fram for formannskap og kommunestyre så snart vi har ei tilråding i desse sakene, sa Øygard.

På spørsmål frå Farsund sa ordføraren at han har teke saka opp i planrådet, og det vil bli fylgt opp også der.

Kampen om Ankerløkken har vore ein kamp mot dei vanvittige økonomiske kreftene som rår i ein kapitalistisk økonomi. Stor oppbygging av verft då det var lønnsomt å bygge, etter kort tid overproduksjon, krakket i markedet, rasering av industrien. Staten kunne ha gripe inn og endra noko av biletet. Skulle det vore mogleg måtte kommunestyret vore viljuge til å drive ei heilt anna form for kamp og politisk press enn det som har vore gjort. Men det skjer ikkje utan at politikarane er utsett for eit kraftig lokalt oponionspress. I dei periodane då Verkstad klubben kjørte på som hardast, var også lokale politikarar svært godviljuge. Men det er grunn til å minne om at kommunestyret aldri har hatt Ankerløkken på dagsorden som ei ordinær sak. Kun når RV har teke den opp i form av spørsmål.

ANKERLØKKEN ER NEDLAGT. LIKEVEL ER IKKJE KAMPEN OM DENNE INDUSTRIARBEIDSPLASSEN AVGJORT:

I skrivande stund vert det truleg avgjort om ei lokal privat kjøpargruppe skal få hand om anlegget, eller om kommunen sine politikarar torer stille krav om at kommunen skal disponere anlegget utifrå ei samfunnsmessig målsetjing om å halde på industriarbeidsplassar.

BARNEHAGE:

RV SI VIKTIGASTE SAK
I PERIODEN:



Kampen for barnehagar her for RV i realiteten vore den viktigaste saka, og den det har vore brukt mest tid og krefter på.


1986 var det året då barnehagekampen eksploderte. Mange års oppdelt (og svakt organisert) misnøye og raseri, bobla opp til overflata. Allereie hausten 1985 hadde Førde RV peika ut denne saka som hovudsak i 1986. Vi hadde som målsetjing at vi skulle vere med å organisere kampen for barnehagar og å vere med i spissen av denne saka. Målsetjinga var klar: Den byllen som heitte utbyggingsstopp sidan 1979 skulle slåast hol på. Minimum hol: ein ny heildagsbarnehage i kommunen på budsjettet for 1987. Det blei hol på byllen, men enno er vi berre i byrjinga på kampen for full dekning. Kampen for fleire barnehagar førte i 1986 til mange presseoppslag:

1.100 krev barne- hagar

Om lag 1.100 underskrifter for snarleg utbygging av fleire barnehagar. Dette får Førde kommunestyre lagt på bordet når dei i dag skal handsame langtidsbudsjettet.

Kravet er 120 nye plassar i 1987 medan framlegget frå formannskapet berre inneheld ein ny barnehage på 30-40 plassar. Og medan aksjonen «Foreldre for barnehagar» vil ha full dekning innan 1990 er det ikkje sett opp fleire kommunale barnehagar i denne perioden.

Side 4.



Men det starta fleire år før. seinast i 1984 var det svært dårleg oppslutning om krav om fleire barnehagar. Til og med SV sto då på at kommunen ikkje hadde råd å overta Ankerløkken barnehagen, og setje den i drift.

Førde kan ikkje kjøpe barnehagen på Øyrane ^{1/7-87}

Formannskapet finn at der ikkje er økonomisk grunnlag i kommunen til å kjøpe den ledige bedriftsbarnehagen til Ankerløkken. Over pinse vil politikarane måtte ta standpunkt til ein søknad frå ei foreldregruppe om sysselsettingsmidlar til å flytte barnehage-bygget til ei meir høveleg tomt.

Rådmann Lars Askevold fekk full oppslutning i formannskapet måndag kveld for sitt syn på eventuelt kjøp av barnehagebygget på Øyrane.

Også SV — som hadde fremje saka i formannskapet — var samd i at økonomien for tida ikkje tillet fleire kommunale barnehagar.

— Det er ikkje så mykje vi kan gjere i denne saka. Det er SIVA som eig tomta på Øyrane, medan Ankerløkken eig bygget. Dersom kommunen skal engasjere seg med overtaking og flytting av bygget, då har vi straks gjort så mykje at vi nærmasl blir moralsk bundne til å drive barnehagen.

Søknad om tomt.

Men diskusjonen om Ankerløkken-barnehagen er ikkje over med dette. Ei foreldregruppe har no søkt kommunen om å få flytte barnehagebygget til ei tomt som kommunen har regulert til barnehagedrift. Vidare blir det søkt om sysselsettingsmidlar til flytting og tilkopling av vatn og kloakk.

Foreldregruppa er viljug til å stå for drifta av barnehagen i for eksempel fem år, med tanke på at kommunen deretter overtek driftsansvaret, går det fram av søknaden som er underskriven av

at tilrådinga på grunnlag av denne søknaden ikkje er klar. Saka kjem opp på neste formannskapsmøte, tysdag 12. juni.

— Eg tykkjer denne saka er litt vrøien. Eg har vanskeleg for å tru at foreldra skal kunne greie å drive barnehagen i samarbeid med barnehageleva på eigen kostnad — sjølv om dei får statsstøtte. I så fall må foreldra ha solid økonomi.

Eg for min part ville hatt svar på spørsmålet om korleis drifta skal leggjast opp, før kommunen tar standpunkt til saka. Det har litt seg å bruke sysselsettingsmidlar til flyttinga. Dermed

Skipinga av foreldre aksjonen "Foreldre For Barnehagar" var det viktigaste som skjedde i 1986. Innsatsen til mange foreldre i denne aksjonen har nok hovudera for at barnehageutbygginga er komen igang igjen.

FIRDA

Foreldre for Barnehagar samanliknar Førde med andre kommunar:

Førde dårleg ut, – når skal køane avviklast?

Foreldre for Barnehagar presenterte seg forrige veke ordførar og formannskap, og la fram ei utgreiing om barnehagesituasjonen i Førde.

Her er Førde kommune samanlikna med andre kommunar, det er gitt ei samfunnsøkonomisk «onsekvensanalyse» av va bygging av ny barnehage vil innebere, og til lutt stillt fleire opne spørsmål, mellom anna; år skal ventelistene for barnehageplassar i Førde avviklast?

I skrivet som er stila til formannskapet i Førde kommune, og foreninga Foreldre for Barnehagar fram målsettingane sine, 120 nye plassar på -87-budsjettet, full barnehagedekning innan 1990, og like opptakslikår og betaling for alle born i kommunen.

FjB har samanlikna barnehagesituasjonen i Førde med kommuner ein samanliknar seg med elles, Florø og Høyanger, i Odda for å ha eit referanse-inkt utanfor fylket.

Størst kø i Førde

Førde skill seg ut ved det høge talet på søknader til barnehageplass, med 416, Florø har 270, Høyanger 130 og Odda 224.

Førde har også den største køen når det gjeld kor stor del av innbyggartalet som er i førskulealder.

Førde har flest på venteliste for første opptak, 222, medan Høyanger har 5 på venteliste for første opptak.

Når ein kjem til dekningsprosent av antal søkjarar (1/1 og 2 plassar), kjem Førde dered dårlegast ut, med 46,6%, mot Florø sine 58,9%, Høyanger 68,6% og Odda 85,7%.

Høyanger har ikkje plassar r gruppa 0-3 år.

Ei oppstilling av nettoutgifter til barnehagar i 1985, er det Førde som stiller med dei største tala.

Når statsstilskott og foreldrebetaling var trekt frå, brukte Førde 1 853 netto, medan tala for Høyanger var 1 473, Høyanger 1 255 og Odda 1 685. (Tal i heile 1000 kr)

Når ein reknar desse tala om prosent av totale utgifter til barnehagar, vert det Førde 3,17, Florø 2,92, Høyanger 2,7 og Odda 2,66.

Jenne presentasjonen meiner 3 år er misvisande, si dette er -85-tal, og nettoutgiftene til barnehagar er skore i til 1,4 mill på -86-budsjettet.

Om Førde skulle brukt like mange pengar på barnehagar i 1986, ville talet på førskuleborn a til dømes Høyanger i -85, ville del brukt 900 000 kr meir.

Planar

Byggingssplanane for Odda deber ny barnehage med om 40 plassar, som vil gi ein vingsprosent på 34 av totalt



Foreldre for Barnehagar har lagt hjertesaka si, ending av den vanskelege barnehagesituasjonen, fram for formannskapet i ei utgreiing. Medlem i styret, Eil Grete Høyvik, er optimist i høve den vidare utviklinga.

tal på born i kommunen, i Høyanger står det 0-3 års-avdeling på langtidsbudsjettet, og i Florø har ein både kriseløysing -86/-87 med 16 plassar, ny barnehage i -87 budsjettet med 2 mill, og oppstarting av 7 korttidsbarnehagar i krinsane 87-90.

Førde sine utbyggingsplanar er oppsummerte slik: « ? »

I ei samfunnsøkonomisk konsekvensanalyse for bygging av ny barnehage i Førde med Haugum Barnehage som modell, finn FjB at reell auka budsjettbelastning etter at skatteinntektar frå del tilsette i barnehagen er trekte frå, vert 575 000.

120 nye barnehageplassar på -87-budsjettet vil innebere ein netto utgiftsauke for kommunen på 1 725 000, men også mange nye kommunale arbeidsplassar, auka tilgang på arbeidskraft, arbeidsplassar ved bygging av barnehagar, og auka tilføring av midlar frå staten til distriktet med 1 382 000, etter FjB sitt oppsett.

FjB har ikkje engasjert seg vesentleg i «straksloysingar», men nemner likevel tips som Gamlebanken, gamle skule-/ungdomshus og private unytta hus.

Kva skal gjerast?

Målet må likevel vere at kommunen tek på seg å skaffe permanente, kommunale plassar. FjB meiner at målet 120 plassar i -87 kan nåast ved å bygge den planlagde barnehagen i Slåtdebakkane, barneha-

gattar oss både moralsk og økonomisk, og vi føler det også som kommunen etterkvart byrjar innsjå at den må komme i gang med utbygging av barnehageplassar, seier Høyvik, og påpeikar at det er kommunale barnehageplassar ein arbeider for.

– Vi har reynsle for at dei private ordningane ofte vert vanskelege å administrere, men ønskjer sjølvsgt dei som går i gang med slikt lukke til, seier Høyvik, som no håpar at det vert framdrift og konkrete tiltak for å få redusert barnehagekøane.

Ordføraren om barnehagesituasjonen: Ekstrasak!

Barnehagesituasjonen må truleg takast opp som ekstrasak i samband med langtidsbudsjettet, seier ordførar Sverre Øygard, men kan ikkje uttale seg om kor mange plassar det vil vere snakk om i den ajourførte planen.

– Eg reknar med at barnehagesituasjonen i Førde må takast opp som elga sak i samband med langtidsbudsjettet, seier ordførar Sverre Øygard, og påpeikar at den gamle planen er blitt forelda på grunn av den investeringsstoppen ein har hatt.

– Vert planen så mykje revdert at det vert ein ny plan?

– Det vert det kanskje, ein må i alle høve ta opp korleis ein skal stille seg til private og familie-barnehagar, og prøve andre og utradisjonelle løysingar for å løyse situasjonen, seier Øygard, som ikkje kan vere einig i den karakteristikkene Foreldre for barnehagar har sett på utbyggingsplanen; nemlig « ? ».

– Vi har ein plan, spørsmålet er berre kor fort ein kan klare å bygge ut, meiner Øygard, og viser til at målsettinga for kommunen no vil verte å få til tilbod i krinsane, og få bygt ut i Slåtdebakkane.

Kor mange plassar det vil kunne dreie seg om vil han ikkje seie noko om, – for mange ting vil spele inn som ein ikkje har oversikt over enno.

gar i krinsane og barnehage i Vieåsen.

FjB avsluttar utgreiinga med opne spørsmål til kommunen, der det vert pelka på at behovet for barnehageplassar i Førde no er veldokumentert.

* Aksepterer kommunen at den har eit ansvar for å gi del som ønskjer det eit pedagogisk førskuletilbod, – og kva vil ein gjere for å kunne tilby slike plassar til dei som ønskjer det innan rimleg tid?

* Når skal ventelistene for barnehageplassar i Førde avviklast?

* Kvifor er barnehageplassar så lågt prioriterte i Førde kommune?

* Er det forsvarleg å legge fleire arbeidsplassar til Førde for kommunen kan tilby fleire barnehageplassar?

* Når skal arbeidet med ny barnehage startast?

* Kva syn har ein på dei private initiativa til barnehagebygging, og vil andre enn familie-barnehagar kunne rekne med praktisk og økonomisk hjelp frå kommunen?

Optimistar

FjB meiner å ha mange bak seg i denne saka. – Underskriftskampanjen som pågår har samla 5-600 underskrifter, og er enno ikkje avslutta.

Eil Grete Høyvik, medlem i styret for FjB, seier i ein kommentar at foreninga no er svært optimistisk.

– Både private og næringsliv



EIT FORMANNSKAP SOM IKKJE VILLE GJERE NOKO, MEN SOM KUNNE HA GJORT NOKO, I 1984.

TO ÅR SEINARE VAR DET INGEN VEG UTANOM. FORSKJELLEN VAR EIT SKIKKELEG ORGANISERT POLITISK PRESS, DER ORDFØRAR SVERRER ØYGARD NOK FØLTE SEG NOKO PÅ HÆLANE ETTERKVART.

ORDFØRAREN NEDERST.

I perioden har og farsen omkring Vie Barnehage utspelt seg. Dette var ei sak RV jobba mykje med. Mellom anna brukte vi heile tida kommunestyret for å rette søkjelyset på saka slik at ho skulle haldast varm.

Det kunne vore skrive eit eige hefte om denne saka, noko Førde RV forsåvidt har gjort. Om Ordførar Sverre Øygard si rolle på begge sider av "bordet". Som alla andre i fylkestinget stemte han for nedleggjingsvedtaket. Samstundes sat han som Ordførar i Førde, og var forhandlingsleiar overfor fylket i saka.

Om SV i Sogn og Fjordane som stemte for nedleggjing, og som aldri svara på Førde RV sine utfordringar om å grunnngje sitt standpunkt. Det gjorde heller ikkje Ap eller V som også gjerne vil framstå som barnehageparti.

I ettertid har mange av dei som var med å stemte for nedleggjing av Vie Barnehage sagt at dette var eit stort mistak. Og no er det på tale at fylkeskommunen på ny skal ta ansvar for å drive barnehage for tilsette. I ein av RV sine førspurnader til Ordføraren hevda vi at det var eit moralsk kontraktsbrot fylket gjorde overfor mange av sine tilsette då dei vedtok å leggje ned barnehagen. Mange hadde flytta hit, mellom anna fordi dei kunne få barnehageplass. Når fylket trudde at rekrutteringa til SSSF var sikra la dei ned barnehagen. Det er viktig å merke seg at framstøytta kom i ei tid med stor arbeidsløyse. Angeren kom først etter at arbeidsmarknaden vart stram att, og SSSF på ny kom opp i store rekrutteringsvanskar. Saka om Vie Barnehage har også slik vore ei ~~syrett~~ lærerik sak.

Slik tok det seg ut siste gongen RV hadde saka på dagsorden i kommunestyret:

Vie-saka like fastlåst: 2/2-85 **Form.skapet samla i barnehage-saka**

Førde kommune si haldning til sjukehus-barnehagen ser ut til å vere like fastlåst. Ordførar Sverre Øygard opplyste på kommunestyremøtet torsdag at det var eit samla formannskap som stod bak det avvisande svaret til fylket, på forhandlingsmøtet om Vie barnehage 17. januar.

Det var Tom Farsund som tok opp igjen barnehage-saka, for tredje gong. Han stilte spørsmål ved ordføraren si haldning til

barnehagen, når Øygard først stemmer for nedleggjing i fylkestinget og deretter avviser kommunal overtaking.

— Kva meiner ordføraren då skal skje med dei 20 arbeidsplassane og dei 58 borna i barnehagen? Kva fullmakter frå kommunestyret viser ordføraren til, når han ved å avslå forhandlingar med fylket set helle barnehagen i fare? spurde han.

Øygard meinte at Farsund sette problem-stillingane litt på ho-

vudet. Realiteten er at ordføraren ikkje har fullmakt frå kommunestyret til å inngå avtale om kommunal drift av Vie barnehage.

— Om det skal bli bedt om slik fullmakt, må vurderast på grunnlag av situasjonen til ei kvar tid, sa ordføraren.

Farsund var ikkje særleg nøgd med svaret. Barnehagen ligg trass alt i Førde kommune og han tykte ordføraren spela ei rolle som mildt sagt var merkeleg.

— Ordføraren seier at han ikkje har fullmakt frå kommunestyret. Men i mange andre saker går ordføraren inn i diskusjon med ulike partar, for så å legge fram eit framlegg til formannskapet og kommunestyret.

Eg meiner at kommunen bør presse fylket til å drive barnehagen vidare. Dersom ikkje det lukkast, meiner eg at kommunen bør overta den delen av barnehagen som fylket ikkje vil ha, sa Farsund.

Gjertrud Storevik (RV) sa representantar for alle par hadde ryvna for nedleggjing i barnehagen på fylkestinget. Kv for snakka de ikkje med venner på tinget og fekk dei til å gå inn nedleggjing? RV ville i alle tilfelle ha gått inn, dersom dei var i presentert på tinget.

Ho minna om at kommunen til leigevord hadde spørne frå ansvar med eit tomt barnehage-byg (Ankerstøken). Det vikkigaste er å sikre forhandlings-avtale sjelv om overtakinga ikkje er dei tre barnehageplassar i Førde. Ho gav ros til forleide og tilsette som hadde tatt opp kampen for barnehagen.

Frå møtet der Romm. overført var vedtaket

NY VEG TIL ASANE

Dette er ei sak RV har engasjert seg sterkt i. Det store fleirtallet av Åsingane meiner at det bør byggast ein heilt ny trase til Asane. Dette byggjer dei på sin eigen kunnskap om kor rasfårleg og vanskeleg framkommeleg Åsbrekka er om vinteren. Etter at Åsingane har jobba svært aktivt med saka i mange år, har dei fått saka svært langt fram på prioriteringslista. Likevel er dei konkrete resultat til no fleire geologiske rapportar som Førde Kommune har revirert. Desse støttar synet om at vegen er svært usikker, og vanskeleg å sikre. RV har fleire gonger teke opp saka i spørsmåls form. På denne måten har vi i denne saka, som i mange andre nytta kommunestyre plassen vår for å stø eit rettkome krav. Vi har hatt fleire møte med aksjonsnemnda på Asane, som vart valgt på eit folkemøte der. Saka har mange sider, og går eigentleg heilt tilbake til 60-åra då skulekrinsen på Asane vart nedlagt. Då vart det gjort vedtak om at før nedleggjinga skulle det vurderast om skuleskyss i Åsbrekka kunne utførast med tryggleik. Dette vart aldri gjort. RV meiner at ein ny veg må komme, og vi vil fortsetje å bruke kommunestyreplassen vår til aldri å la saka få kvile, før ho er løyst.

Det må likevel understrekast at det først og fremst er Åsingane sin eigen aktivitet som har fått saka på dagsorden. Ved sida av barnehagekampen, er dette den saka som kan trekkjast fram som eit godt døme på det RV meiner, når vi seier at det først og fremst er folk sin eigen kamp for ei sak som fører fram. Dei har jobba dyktig overfor pressa, direkte overfor kommunestyre og administrasjon, og heile tida hatt fulgt opp saka. Her er nokre klipp som viser litt av dette:

Oppsitjarar på Åsen:

— Berre heilt ny veg blir godtatt

Oppsitjarane i Åsen korkje kan eller vil akseptere noko anna løysing enn ein heilt ny trase for Åsvegen. Dette er konklusjonen etter eit møte som vart halde nyleg.

Då Førde kommunestyre handsama vegprioriteringa onsdag, var folk frå Åsen møtt fram for å legge fram sitt syn. Og sjølv om dei ikkje kom til orde i kommunestyret, stod vegproblema deira sentralt i debatten.

I eit brev som vart lagt fram vart det kravd at vegen må byggast etter eitt av desse alternativ:

A) Veg frå Holsavegen vest or Bullingstjønn over Skjervane ved tunnel eller skjering gjennom Skjervaholten til vestenden v Åsvatnet. B) Veg frå noverande Åsveg ved Stevolls grus-

tak, aust om Nordbø, i fylling over Stevollbekken og tunnel om lag 300 m gjennom «Brekkefjellet» fram til Hulda.

Kommunestyret ville ikkje ta standpunkt til spørsmålet om opprusting av noverande vegline eller ny trase på dette møtet. Likevel vart det uttrykt glede frå dei framsette oppsitjarane over at det no ser ut til å vere vilje til endeleg å få gjort noko.

Fleire ras

I brevet som er undertekna Nordbjøg Aasen, Erik Hallerud og Odd Røren, på vegne av oppsitjarane, vart det understreka at rasfaren er stor. Det har gått fire større ras dei siste åtte åra, det siste julaftan 1985. Det fell stadig større og mindre steinar ned i vegbana.

— Ein minner om at ein i 1964 fann det uforsvarleg å keyre skuleborna frå Mo til Åsen skule i drosje. Borna vart flytta til Sunde skule midt i skuleåret. 22

år seinare vart borna frå Åsen, keyrde med ti tons buss ned den same vegen kvar skuledag, heiter det i brevet.

Ulovleg

Det er heilt uakseptabelt stillingsforhold på vegen. Og dei meiner vegen er ulovleg for det akseltrykket han vart utsett for.

— «Brekka» er for ein stor del lagt direkte på ur som no ser ut til å verte «levande» att. Andre stader er han lagt på ein fot av tørrmur, t.d på «Middagshammaren». Her har murfoten sige synleg. Murfoten er her lagt på ein heilande hammar.

Breidda på vegbana held med naud til skulebuss og tankbil, men her er jamgodt med inga plass for grøtt på oppsida av vegen. Dette fører til ein leveleg kamp mot isvullane for vegvaktaren, heiter det. Og konklusjonen er altså heilt klar at det må kome veg etter ei ny linje.



Sjølvsjøl om det ikkje vart gjort noko vedtak om at det skal byggjast ny veg til Åsen etter ein heilt ny trase, rammte frå Åsen stort sett negde med signala som kom fram i kommunestyret. Etter deira syn er tueli å satse på opprusting av eksisterande veg.

Tom Farsund (RV) summerte saman samla kostnader på vel 16 mill.kroner. Dette var eigentleg ikkje mykje når ein såg på kva store prosjekt som vart kasta fram med kystanveg og tunnel gjennom Ramsdalsheia. Her var bankane raskt på plass med utspel om forskottering. Det skjedde derimot ikkje med dei kommunale vegane.

Farsund tok til orde for å gjere vedtak om ny veg til Åsen over Skjervane. Så sant det var mogeleg burde dette igangset-

Vil komme nye ras på veggen til Åsane

FIRDA: Per Kjetil Jørgensen

Det vil komme nye ras på veggen til Åsane i Førde. Ein rapport frå fylkesgeolog Bjørn Falck Russenes slår fast at store delar av veggen oppover Åsbrekka kviler på laus ur. Helle vegbana står i fare for å gli ut. Fleire blokker kan når som helst rase ned mot veggen. Fjellet er i rørsle og full sikring synest uråd.

Oppsittjarane på Åsane er levande redder for at menneskevil skal gå tapt i Åsbrekka. I løpet av dei siste åtte år har det gått fire større skred. Siste gongen var eit stort steinsprang i juleheiga 1985.

På laus ur

Vegen frå Moskog til Åsane vart bygt ferdig i 1932. Vegen oppover «Brekka» er bratt, smal og svingete — og ofte glatt vinterstid. Mange av stabbesteinane har falle ut som fylgje av ras og frostsprenging. Likevel blir veggen nytta både av skulebuss og tankbil.

Store delar av veggen kviler på laus ur. Fylkesgeologen som var på synfaring i vår, har påvist stor grad av oppsprekking i berget parallelt med veggen. På oppsida av veggen har det utvikla seg ei til dels utoverhengande skrånning. Stor vassføring nedover fjellsida fører til mykje frostsprenging i vinterhalvåret.

Kritisk punkt

Eit markert overheng med open undersprekk er det mest kritiske punktet langs veggen. Det er påvist ein stor baksprekk, og knusing av stein på kontaktpunktet tyder på at den store fjellmassen er i rørsle.

— Det er vanskeleg å tenke seg noko form for sikringstiltak. Fjellfoten ligg heilt inntil vegbana, slik at det ikkje er plass til understø-

ping. Sikring med fjellbolter synest heller ikkje å vere særleg aktuelt, seier Russenes i rapporten sin.

Nye steinsprang

Fylkesgeologen gir uttrykk for at han ventar nye steinsprang på staden der to store blokker ramla ut 24. desember i fjor. Blokkene vart avløyst frå eit bratt heng i trappform. Under bratt hengen er det ei grovblokka ur.

Eventuell sikring kan skje ved systematisk bolting av fjellpartiet. Dersom ura er djup, kan det vere eit alternativ å fjerne helle ura og leggje opp ein form for sirkingsvoll eller fanggrav.

Ei stor avløyst blokk litt lenger oppe, bør reinskast ned.

Sprekkar i veggen

På ein stad der veggen svingar ut på ein pynt, er det påvist ein

svar open sprekk i vegkanten. Mykje tyder på at nok ei opa sprekk finst nærare innerkant av veggen. Vegen er med andre ord fundamentert på ei laus fjellplate.

— Dette er svært lite tilfredstillande, særleg for transport av tungtrafikk. Beste måten å sikre dette partiet på, er å sprengje seg inn i fjellsida med ein ny vegtrase, meiner geologen.

Vegbana på gli

Ved det såkalla «Skredholet» losna det to skred ved påsketider 1984. Steinsprang kombinert med vasshaldige lausmasser tok med seg ein del av vegbana utfor stupet. Fylkesgeologen ser ikkje bort frå at det kan gå nye ras. Området er vanskeleg å sikre, og største faren består i at vegbana glir ut.

To andre stadar er det registrert store lause blokker som kan rase ned på veggen. Her trengst

total nedreinsking av alt laust fjell, pluss sikring med fjellbolter.

Målebolter

Fylkesgeologen konkluderer sin rapport med at fleire punkt må karakteriserast som kritiske. Særleg gjeld det den første staden, der helle fjellplate synest å vere i rørsle ut mot veggen. Sikring synest uråd. Inntil vidare bør det setjast opp målebolter for å kontrollere rørsle i berget.

«Skredhola» synest også vanskelege å halde under kontroll. I samråd med Vegvesenet bør det gjerast undersøkingar av kva lause vegbana kan tole.

— I kva grad Åsbrekka skal oppretthaldast som tilkomst til Åsane, vil og ikkje ta standpunkt til. Naudsnytte sikringstiltak vil måtte bli omfattande, sluttar fylkesgeolog Bjørn Falck Russenes.



For knapt eit år sidan losna to store blokker frå bratt hengen overfor Åsvegen (biletet). I løpet av dei siste åtte år har det gått fire større skred i dette området. Fylkesgeolog Bjørn Falck Russenes meiner det vil komme fleire ras, og det blir no arbeid for å få bygt ein heilt ny veg til Åsane.


Ny veg blir vurdert

FIRDA: Per Kjetil Jørgensen

— Mykje tyder på at vi først som sist må satse på ein ny veg til Åsane, seier avdelingsingeniør Olav Eftestøl ved teknisk etat i Førde, til Firda.

Onsdag i neste veke blir spørsmålet om kva som skal skje med Åsvegen lagt fram for teknisk utval. Politikarane skal få eit oversyn over kva det vil koste å sikre eksisterande veg — i den grad det er mogeleg. Samstundes vil det bli lagt fram alternative planar for bygging av ny veg til Åsane.

Mandag vart det halde eit møte i teknisk etat, der oppsittjarane på Åsane fekk møte ordførar Sverre Øygard og kommuneplanleggjar Kjartan Myklebust. Overfor Firda gav Myklebust uttrykk for at geolog-rapporten er dystert. Rasfaren på Ås-vegen er noko som politikarane i Førde må ta alvorleg.



Den rasfarlege vegen til Åsane kan erstattast av ein tunnel (prikkja linje) eller ein ny veg langs Åsavatnet (stripla linje). Begge desse alternativa blir no vurderte i Førde kommune.

Tunnel eller veg frå Viskedal

Ein målet mandag vart det lagt fram fleire skissar for ein framtidig veg til Åsane. Ein løysing kunne vere å bygge tunnel rett gjennom fjellet, frå sagbruket nedanfor

Åsbrekka til Åsavatnet. Men ein tunnel på 900 meters lengde vil truleg koste nærare 10 mill. kr.

Alternativet er å bygge veg frå Bulingstjøna i Viskedalen og vidare langs Åsavatnet til eksisterande veg. Det kan også bli aktu-

elt med veg langs helle nordsida av Åsavatnet. Ut frå erfaringstal vil desse vegane koste 4-5 mill. kr.

Veg over Bulingstjøna kan vere interessant for Førde kommune også i større samanheng, ettersom ein slik veg kan utløyse eit planlagt industriområde. Dermed kan vegkostnadene delast på fleire.

Løyvd midlar

Det er sett av midlar til Åsvegen i langtidsbudsjetten for Førde kommune. Neste år vil vegprosjektet få 321.000 kroner til prosjektering av utbetningsarbeid eller planlegging av ny veg. I 1988 er det sett av 1,15 mill. kroner til vegbygging.

Rådmann Lars Askevold seier til Firda at det nok må løyvast midlar også i 1989, dersom det blir vedteke å bygge heilt ny veg utanom den rasfarlege Åsbrekka. Rådmannen har ikkje lese geolog-rapporten ennå, og vil ikkje uttale seg om det er mest realistisk med ny veg til Åsane. Vegbygginga blir i første omgang ei sak for teknisk utval i kommunen, seier han.

ASYLSØKJARAR OG FLYKTINGAR.

Dette er ei sak som RV har teke opp i form av eit brev til kommunen, og i form av avisinnlegg. Førde Kommune fekk på seinvinteren i år førespurnad frå flyktingesekretariatet om å ta imot inntil 15 asylsøklarar/flyktingar. På grunnlag av eit tilbod frå Solvang Folkehøgskule vedtok Formannskapet å tilby å ta imot 10. Solvang sitt tilbod gjekk ut på at dei kunne ta inn fleire enn 10 på sine kurstilbod, men dersom det var aktuelt med fleire enn 10, måtte kommunen sørge for bustad til dei. 10 stykker kunne få internatplass på Solvang.

Utifrå dette meinte Førde RV det var småleg av Førde Kommune å ikkje ta imot minst så mange som det var førespurt om. Vi meinte og at signala tilbake til sentrale makter måtte vere at landet burde ta imot fleire flyktingar. Til slutt ba vi om at Førde Kommune måtte planleggje framover for å kunne ta imot fleire i åra som kjem. Dette meds omsyn til bustad, jobb, utdanning og tiltak for integrering i bygda.

Etter at KrF også tok opp saka er det no sett ned ei nemd som skal arbeide med spørsmåla.

SØR-AFRIKA

RV tok opp saka om vedtak for at butikkane i kommunen skulle vere fri for Sør-Afrikanske varer. Dette vart seinare vedteke mot stemmene til Frp.

RV har i Førde Kommunestyre frå tid til anna blitt skulda for å tale for pressa/publikum. Bortsett frå at debattane i kommunestyret ofte er eit slags skodespel, regisert nettopp for pressa, og der avgjerdsleane ofte er tekne lang tid i førevegen, så er påstanden på mange måtar rett. I alt vi gjer, oppmodar vi folk til å stå på med sakene sjølve, og vi oppmodar folk til å møte fram på kommunestyremøta. Dette har og skjedd i større grad denne perioden enn før. RV har nok ikkje åleine æra for det, men vi trur i alle høve at vi har vore med på å få dette til. Dei store partia står svært ofte sammen i kommunestyre. Å sjå nokon skilnad på "dei borgarlege" og "Arbeidarpartiet" er omlag umogleg. I budsjettvedtaka, og det som gjeld dei store linjene for kommunen er dei ofte samde. RV har ofte stemt saman med SV og delvis Venstre. Difor blir ofte det einaste meningsfulle nettopp å snakke "for pressa", og på den måten til folket i bygda. På denne måten, og ved stadig å ta opp saker i form av interpellasjonar kan vi vere med å påverke folk sine haldningar og kva utviklingsveg som skal leggjast til grunn for dei ymse vedtak. (Vi kan vere med som sokalla "premissleverandørar") RV har hatt ei medveten linje om å ta opp saker som kanskje ikkje er "kommunale", t.d:

Førde-protest mot atomanlegg

Førde kommunestyre vedtok i går samrøystes ei fråsegn med protest mot det planlagde atomgjen-vinningsanlegget i Doun-

reay i Skottland.

— Tjernobyli-ulukka syner klart kva miljømessige problem vi utset oss for ved lekkasje frå

atomanlegg. Eit ukontrollert ut-slepp vil i stor grad truge Vest-landet og vil skape høgt alvorlige konsekvensar for livsmiljøet på sjø og på land, heiter det i frå-segna som vart føreslått av RV.

Formannskapet skal no også vurdere å ta eit utspel for å få sendt ein delegasjon frå helle Vestlandet for å protestere mot Dounrey-anlegget.

Førde kommunestyre:

RV spør om legesenteret

19/3-86

Førde Raud Valallianse har sendt inn eit grunnleggjande spørsmål til ordførar Sverre Øygard om tilhøva ved legesenteret. Dette vil ordføraren svare på i samband med kommunestyremøtet onsdag.

Det grunnleggjande spørsmålet frå RV, undertekna Tom Farsund og Gjertrud Storevik, har fylgjande ordlyd:

— Det har i lenger tid vore sterk debatt i avisene om korvidt det kommunale legesente-

ret i Førde gjev pasientane det dei har krav på. Lege Jostein Hjelmbrekke, som har første-handskunnskap om korleis forholda er, har fått brei støtte frå folk, utfrå eigne reynalar som folk har.

Førde RV meiner at desse signala ifrå folkemeininga er så sterke at det bør reagerast av dei som har mynde til å endre på tilhøva.

Det einaste parti som har reagert på debatten, er Venstre, som vil ha slutt på den orienterte debatten, då dei sag på den som skadeleg, og ville at helse- og sosialutvalet skulle ta opp

debatten. RV er usamd i at offentleg debatt er skadeleg, og er redd for at når denne døvr vekk, så gjev tilhøva tilbake til normalt gjenge.

Vi spør difor ordføraren:

1. Har han registrert den sterke støtta som lege Jostein Hjelmbrekke fekk i kritikken han reiste av måten legesenteret fungerte på, og er han samd i at den debatten tyder på at alt ikkje er som det burde?

2. Har ordføraren undersøkt saka, eventuelt diskutert med etatsjef, kritikken som er reist? Er det teke initiativ til å

få debatten opp i helse- og sosialutvalet? Kva er eventuelt resultatet?

3. Kritikken har i stor grad gått på måten legane ved senteret møter pasientane på. Kor grundige undersøkingar dei får, om legane tek seg den naudsyn-te tida til kvar pasient. Dette kan gå på legane si haldning, men er vel framtvinga frå starten av eit uheldig helsesystem der pasienten først og fremst vert sett på som ei utdig utgift. Er ordføraren samd i at det er personellmangel ved legesenteret, og vil det bli tilsett fleire for å rette på stoda?

Ordførar Øygard om legesenteret:

Alt er ikkje som det burde vere

— Ordføraren finn det ikkje rett å uttale seg om i kva grad dei einaskilde aktørane i avisdebatten om drifta ved legesenteret i Førde har støtte mellom folk eller ikkje. Ordføraren er samd i at debatten kan indikere at alt ikkje er som det burde vere.

Dette sa ordførar Sverre Øygard då han svarte på eit grunnleggjande spørsmål frå Raud Valallianse i Førde kommunestyre onsdag.

— Har ordføraren registrert den sterke støtta som lege Jostein Hjelmbrekke fekk i kritikken han reiste av måten legesenteret fungerte på, og er han samd i at debatten tyder på at alt ikkje er som det burde, var spørsmålet frå RV-representant Tom Farsund.

Helse- og sosialutvalet

Han spurde vidare om ordføraren har undersøkt saka, eventuelt diskutert med etatsjef kritikken som er reist. Er det teke initiativ til å få debatten opp i helse- og sosialutvalet, og kva er eventuelt resultatet, vart det spurt.

— Ordføraren har drøfta saka med helse- og sosialsjefen. Saka har vore handsama slik:

a) Formann i helse- og sosialutvalet og helse- og sosialsjefen har hatt to møte med samtlige tilsette ved legesenteret. Dei tilhøva som har vore peika på i pressa har blitt diskutert, med unntak av tilhøvet mellom lege/pasient. Dette ville helse- og sosialutvalet kome attende til seinare.

b) Saka har også vore handsama formelt i helse- og sosialutvalet.

c) Det som har skjedd er konkret: Ved oppslag er alle pasientane som kjem inn på venteroommet, oppmoda til straks å melde seg i resepsjonen/mottaket. Det har vist seg at det er fleire årsaker til at pasientar blir sittande lenge å vente på venteroommet, t.d.:

— Det har hendt at folk kjem på fell dag, og har blitt sittande lenge på venteroommet på grunn av dårleg kommunikasjon mellom pasient og resepsjon/mottaket. Dette gjeld i første rekke dei som har timebestilling.

— Det hender av og til at det er fleire som treng «straks-hjelp» på same tid. Då slepp dei i hovudregelen til etter tur, svarte ordføraren.

Personellmangel?

Spørsmållastillaren viste vidare til at kritikken i stor grad har gått på måten legane ved senteret møter pasientane på. Er ordføraren samd i at det er personellmangel ved legesenteret, og vil det bli tilsett fleire for å rette på stoda, vart det spurt.

— Helse- og sosialsjefen har drøfta personellsituasjonen med dei tilsette ved legesenteret. Konklusjonen er at talet på legar i høve til folketallet i kommunen eigentleg er stort nok. Førde har eit stort tal elevar som også tek litt av kapasiteten.

Fylgjande tiltak er aktuelle: 1) Omgjere den eine stillinga for turnuskandidat til fast legestilling. 2) Opprette ei ny legestilling. Då må dei to turnuskandidatane dele kontor. Dette er praktisk mogeleg å få til, svarte ordførar Sverre Øygard.

Konklusjon

Han konkluderte med fylgjande: — Helse- og sosialsjefen vil ikkje kome med framlegg om nye legestillingar no, på bakgrunn av debatten om drifta av legesenteret.

Framlegg om nye legestillingar må vurderast for helse- og sosialstaten samla i samband med utarbeiding av langtidsof årsbudsjett for etaten.

Pornobålet som brann lystig i Førde er nok den viktigaste enkeltaksjonen i bygda i perioden. RV nytta høvet til å utfordre politikarane ved å spørre om ordføraren ville vere med på at kommunen støtta aksjonistane ved å betale ei evt. bot til aksjonistane:

Førde betaler ^{2/23} ikkje porno-bot

Kommune vil ikkje betale bot for aksjonistane i Førde opp porno-bål i kommunen. Ordførar Sverre Øygard kjart nei på spørsmålet om Farsund på kommunestyret torsdag, om kommunen ville dekke erstatningsbot.

Ordførar var glad for at diskusjon om pornobål hadde blussa



Farsund fekk ingen oppslutning i kommunestyret for framlegg om å ta kommunekassa betale bot for porno-aksjonistane.

opp på nytt, på grunn av NRK sine program og dei flotte aksjonane mot Narvesen.

— På denne bakgrunn er det viktig for Førde kommune å smi medan jernet er varmt og nytte høvet til å fylgje opp sitt tidlegare vedtak om Førde som pornofri kommune, meinte han.

Hyklari.

RV-representanten karakteriserte det som hyklari når politikarar først seier dei er mot porno og deretter fordømmar aksjonar mot pornosal.

Ordførar Øygard ville ikkje gå inn på debatten om porno, men han slo klubba i bordet då Farsund kalla kollegaene i kommunestyret for «hyklarar».

Farsund ville elles vite korleis vedtaket om pornofri kommune blir fylgd opp. Ordføraren opplyste at ein rapport frå forbrukar-nemnda om forholda i Førde ville bli vurdert av formannskapet.

Ringeakt.

Ingen av dei andre representantane gjorde forsøk på å ta opp nokon porno-diskusjon. Men Anders Elvetun oppmoda Farsund om å ikkje stille spørsmål til ordføraren som er på grensa til ringeakt for kommunestyrerepresentantane. Det må vere sjølv sagt at eit kommunestyre ikkje kan støtte ei lovstridig handling.

— A tale er sølv, men å tie er gull, var Martha Seljeseth sin kommentar til Farsund sitt utspel.

Meir frå Førde kommunestyre på side 5.

Ei anna side ved denne saka er at RV-representanten i eit avisinlegg seinare beklaga at han kalte kommunestyret for hyklarar når dei støtta kampen mot porno, men ikkje var viljuge til å støtte bålbreningarane, som etter hans meining er dei som har dreve kampen mot pornoen framover. Grunnlaget for beklaginga var at kommunestyret hadde gjort eit bra vedtak om Førde som pornofri kommune. Vedtaket om pornofri kommune vart gjort etter at RV i Sogn og Fjordane hadde bede alle kommunar i fylket om dette, og etter at Kvinnefronten i Førde hadde bede Førde kommune om det samme.

Korleis vedtaket er fulgt opp, kva verknad det har hatt osv, er ei anna sak som kanskje fleire bør føle seg kalla til å sjå nærare på.

AVSLUTNING

Dette heftet kunne inneholdt meir. Om RV sin representant som i til tider friske debattar har blitt skulda for å: tale for pressa (omtalt før), harselere med kommunestyret si ansvarskjensle og i samband med det avkrevd offentleg orsaking, skite i eige reir osv. Likevel er det ofte det å få debatt på saker, som kan vere vanskeleg. Det kan sjå ut som den nye politikkarsporten er blitt kven som kan lansere dei største og vakraste prosjekta. Sunnfjordtunellen og tunell gjennom Rørvikfjellet er to lokale døme. Likevel er inntrykket at dei sokalla "ansvarlege" partia ser ei stor oppgave i å "mane til realisme", dvs. gravleggje mest mogleg av det som finns av vyer om ei utvikling i bygda, basert på at det finns enorme resursar i dette landet, og at det er rettferdig å føre ein knallhard kamp for at desse skal komme til offentleg bruk. Eit døme på dette er skuleutbygginga i Førde. For nokre år sidan sto kravet om at grunnskuleutbygginga skulle føregå i grenda (byggjefeltet) sterkt både mellom folk og dei politiske partia. Skule på Haugum og Vie i tillegg til barneskulen på Halbrend. Det er difor ikkje tilfeldig at det er brukt 1,2 millionar til forprosjekt for skule på Vie for fleire år sidan. Når RV har fulgt sitt program, og i budsjettsamanheng foreslått at dette arbeidet måtte halde fram og difor takast inn i budsjetta, så har reaksjonen stort sett vert flir og latter fro store deler av kommunestyresalen. Dette har uttrykt det som ingen vil seie, men som dei sentrale politiske partia i Førde truleg meiner, nemleg at dette "idealistiske" målet no er forlatt. SV og Venstre har no gjennom avisene teka avstand frå den nemda som no og har komme med det formelle forslaget om dette. Denne nemda har nok også følt desse politiske signala i ryggen i sitt arbeid.

Det er også klart at debattane i kommunestyret for alle parti i større eller mindre grad dreier seg om å snakke for pressa. Det er sjølvsagt heller ikkje noko gale i det. RV oppfordrar folk til å stå på for sine krav. Det har folk i dette landet all moralsk rett til å gjere.

AP, H, SP og KrF for å ta dei viktigaste partia driv si pedagogisk verksemd meir i retning av å få fram at dersom det eine kravet skal innfriast, så går det utover noko anna. Påfallande er det likevel å sjå korleis pengane enten finns, eller ikkje finns alt avhengig av kva saker det er. På summar heilt ned til 4 000 kroner har kommunestyrerepresentantar stått fram og snakka om kor viktig det er med budsjett disiplin. Om ikkje å gjere nye løyvingar midt i budsjettåret, minna om den vanskelege økonomiske stoda osv. Ei sak i vår viste mange politikarar frå ei anna side. På budsjettet for i år var Sokneprestkontoret sett opp med ei løyving til oppussing med 50 000. I møte 6/5 vedtok så kommunestyret ei tilleggsloyving på 200 000. Då stod dei fram på rad med alle slags gode argument for at dette måtte ein gå inn for. Slike arbeid vert ofte dyrare enn planlagt osv. Det viser seg likevel at dei femdobla kostnadane kom av at det var satt igang eit langt meir omfattande arbeid, enn det som var forutsatt. Kan velviljen ha med å gjere at det her var bygda sine gode menn som stod bak. Som i mange andre tilfelle blir vårt kall her berre "at spørge".

Så langt vi kjenner til har RV ikkje brote særleg mange av sine valgløfter. Eitt skal likevel innrømmast. Lovnaden om å komme ut med informasjon til våre spesielt interesserte har vi svikta. I nokre samanhengar er optimismen og velviljen større enn den grå kvardag kan bære. Likevel må dette forklarast delvis ved at RV har vore plaga med mykje fråflytting (omlag halvparten av dei som sto på lista i 1983 er flytta frå kommunen), og delvis ved at vi er eit lite parti som ikkje rekk over alt. Det skal heller ikkje underslåast at vi svært sterkt ønskjer oss to representantar i kommunestyret. For å kunne auke styrken vår, og fylgje fleire saker betre opp enn det vi klarer idag. Vi meiner arbeidet vårt i perioden er ein svært matnyttig grunn til at dei som les dette, hjelper oss med det, ved å drive valkamp for RV-lista i sin omgangskrets. Det er det som skal til.

